



Invitasjon til fagdag i sosialtenestelova

Arrangør: Fylkesmannen i Møre og Romsdal i samarbeid med kontaktpersonar frå Tenestemråde (TO) Romsdal.

Målgruppe:

Tilsette (også leiarar) i NAV kontor som konkret identifiserer behov for, tildeler og utfører tenester etter sosialtenestelova. Dei som deltek må ha grunnleggjande kompetanse på sosialtenestelova for å ha utbytte av fagdagen.

Tid og stad: Onsdag 24. oktober 2018 ved Quality Hotel Alexandra i Molde

Tema og mål er god forståing og praktisering av sosialtenestelova

- Drøfte komplekse saker – case
- Drøfte tema/paragrafer i sosialtenestelova som kan være vanskeleg å forstå/praktisere
- Drøfte problemstillingar for eksempel utfordringar hos bruker/systemet/rettleiar som kan gjere det vanskeleg å anvende sosialtenestelova
- Fagleg påfyll i høve tema
- Desse fagdagane er tilsvarande dei vi hadde hausten 2017.

Tidspunkt	Programskisse (pause blir lagt inn):
08.30	Registrering
09.00	Velkommen
09.15	EØS borgarar sin rett til sosiale tenester. Presentasjon av problemstilling og case. Gruppearbeid. Oppsummering og klargjering
11.45	Opplysning, råd og veiledning. Skille mellom fvl. §11 og sotjl. §17 når det skal fattast vedtak. Presentasjon av problemstilling og case. Gruppearbeid. Oppsummering og klargjering
13.25	Økonomisk stønad. Grenseoppgangen mellom §§18 og 19. Presentasjon av problemstilling og case. Gruppearbeid. Oppsummering og klargjering
15.05	Nytt og nyttig frå FM. Oppsummering og avslutning
15.30	Takk for i dag

Form og eiga førebuing:

Fordi målgruppa er dei med grunnleggande kjennskap og kompetanse på sosialtenestelova startar vi alle tre temabolkane med case og gruppearbeid. Deling og avklaring skjer etter kvart tema. For å ha utbytte av dagen, ber vi om at de på førehand les om tema i:

- Rundskriv Hovednr. 35 - Sosialtjenesteloven.
- «Veileder for NAV-kontoret ved vurdering av lovlig opphold for EØS-borgere» (ny i februar 2018)
- «Veileder til sosialtjenesteloven §17. Hvordan fatte vedtak på tjenesten opplysning, råd og veiledning?»



Deltaking:

Talet på deltakarar frå TO Romsdal er fastsett til 48 etter at NAV-leiarane har blitt bedt om å kome med tal for aktuelle deltakarar frå sitt kontor. Det vil ikkje vere høve til å melde på fleire enn desse 48. Vi ønskjer at deltakarane tek med seg erfaringane frå fagdagane tilbake til sitt kontor for deling og diskusjon.

Tal på deltakarar frå kvart kontor: Aukra 2, Fræna-Eide 22, Midsund 3, Molde 7, Nesset 3, Rauma 6, Vestnes 5.

Vi ber NAV-leiarane sikre at denne invitasjonen når dei tilsette dette gjeld og at dei aktuelle blir påmeldt.

Økonomi:

Gratis for målgruppa. Reisekostnader dekkast av arbeidsgivar. Av omsyn til miljøet oppmodar vi dei som har høve til det om å reise kollektivt.

Elektronisk, bindande påmelding innan 24.09.18 på www.fylkesmannen.no .

Alternativt bruk denne direktelinken til påmelding: <https://www.fylkesmannen.no/nn/More-og-Romsdal/Kurs-og-konferansekalender/Fagdag-i-sosialtenestelova-24-oktober-2018-tenesteomrade-Romsdal/>

Stadfesting:

Du vil automatisk få ei stadfesting direkte på din e-post når påmeldinga er gjort. Om du ikkje mottek slik stadfesting, er du ikkje blitt registrert som deltakar. Sjekk om du har fylt ut alle felt.

Vi ber om at frist for påmelding blir halde.

Spørsmål om **påmelding** og **endringar** skal rettast til e-post: fmmrkurs@fylkesmannen.no eventuelt ta kontakt på telefon 71 25 85 05/71 25 85 14.

For nærare informasjon om **innhaldet** i fagdagen kan du ta kontakt med:

Kjell Iversen fmmrkjiv@fylkesmannen.no

